



I fjor vann Børvelia's Laika som Anita Lie og Svein Handeland eig.

Neste helg, 20.-22.mai, er det klart for den store årvisse elghundutstillinga i Uskedalen. Denne gongen vert den større enn nokon gong. Det er påmeldt heile 61 elghundar, og det er ny rekord. I tillegg kan det koma nokre kvelpar under 9 månader då det ikkje er førehandspåmelding for desse.



Frå oppdrettarklassen med 4 hundar som kom frå Anita Lie

Anita Lie i arrangørklubben fortel at det denne gongen er heile 5 ulike rasar, og så mange forskjellige har det aldri vore før. Det er naturleg nok flest av norsk elghund svart, med det er også norsk elghund grå, svensk kvit

elghund, jâmthund og ein aust-sibirsk Laika på utstillingslista. Sjølve utstillinga startar laurdag kl.10 og varer så utover dagen. Anita reknar med at det i alle fall varer til kl.14. Då er det fritt fram for alle å koma å sjå på. Søndag vert det bandhundkurs i Tveitedalen, der dei altså har kurs i jakt med hund i band.

Anita Lie fortel at dei har hatt denne utstillinga i Uskedalen sidan 2008. Før det var den nokre år i Tveitedalen, men då var det ikkje så mange hundar med. Det er Hordaland elghundklubb som står bak utstillinga, og hovudgrunnen til at den er her i Uskedalen, er at det er ei svært aktiv gruppe i Kvinnherad.

Dommaren kjem i år frå Trøndelag. Han bur på Solheim turiststasjon, medan dei fleste hundeeigarane bur på Rabben Feriesenter. Dei set veldig pris på å ha desse overnattingsplassene. Dei er heilt avgjerande for arrangementet, og på Rabben vert det også eit flott sosialt miljø med så mange hundeeinteresserte samla.



Vert nøye granska og bedømt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anita Lie